



Landbruksdirektoratet
Postboks 1450 Vika
0116 OSLO

Saksbehandler, innvalgstelefon
Anders Dalland Mona, 74 16 81 98

Høringssvar til forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap

Fylkesmannen i Trøndelag har følgjande kommentarer til forslag til ny forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap.

Høyringa er felles for Landbruksavdelinga og Miljøvernavdelinga.

Om overføring av ordninga til kommunane

Det er viktig at kommunane får tilstrekkeleg økonomisk ramme for å gjera ei god forvaltning av ordninga. Ramma bør øyremerkjast dei kommunane som har ordninga.

§ 1 Formål

Ingen merknad

§ 2 Virkeområde

Ingen merknad

§ 3 Utllysing og kriterier for tildeling av tilskudd

Her bør det skrivast at tiltaka som skal støttast kan vera årlege tiltak (skjøtsel/vedlikehald) og eingongstiltak (investeringar)

Tildelingskriteriane

Bør vera slik:

- restaurering og kjøtsel av arealer
- istandsetting og vedlikehold av bygninger (bygninger og kulturminner bør ikkje stå i same punkt)
- istandsetting, vedlikehold og kjøtsel av andre kulturminner
- planlegging av tiltak (kutt ut nødvendig, håper ingen set i gang unødvendig planlegging)
- tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv (ta med friluftsliv)
- formidling
- andre tiltak (logisk at det må fremme formålet)



Forskrifta burde hatt med noko om kor stor tilskotsandel som kan gis. Det kunne og i forskrifta vore presisert at summen av offentleg finansiering for tiltak kan ikkje overstiga 100 %. Dette er aktuelt å ha med i UKL sidan finansieringa her ofte er spleiselag mellom ulike ordningar.

§ 4 Krav til søknad og søknadsfrist

Søknadsfrist

Kommunen bør kunne bestemme om det skal vera søknadsfrist.

Endringsforslag: Kommunen kan sette søknadsfrist.

Krav til søknad:

Her må det vera ulike krav til søknader om årlege tiltak og eingongstiltak (investeringar). Det som er skrive i forslaget er greitt for eingongstiltak, men blir for omfattande for årlege tiltak.

Årlege tiltak kan vera beiting, slått langs vegkantane, annan slått/rydding. For slike tiltak er det aktuelt å gje eit «nødvendig» tilskot (gulrot) som kompensasjon for at ein gjer arbeidet. Dette arbeidet er vanskeleg å kostnadsberekne, særleg beiting, og det blir då meiningslaust å lage søknad med omtale av tiltaket, bilete, kostnadsoverslag og finansieringsplan. Enkelte årlege tiltak er ein heller ikkje alltid sikker på om blir gjort. Veret og tida kan vera hindringar. Å ha krav om søknad på førehand for slike tiltak, kan vera dempende for gjennomføring av tiltak. Tilskotet til enkelte årlege tiltak er ofte relativt lågt og det må difor ikkje vera for mykje arbeid med søking og rapportering. Områda må kunna ha satsar for ulike årlege tiltak med rapportering i ettertid om kva som er gjort, liknande RMP.

Endringsforslag:

Det kan for årlige skjøtsels- eller vedlikeholdstiltak ytes årlige tilskudd. Hvilke årlige tilskudd som kan gis skal framgå av retningslinjer og være prioritert i forvaltningsplan for området. For årlige tilskudd kan det søkes om tilskudd etter at tiltaket er gjennomført, søknaden er bekreftelse på gjennomført tiltak og grunnlag for utbetaling av tilskudd.

Vedlegg til søknaden:

Kart:

Agros UKL må ha ei kartløyving som gjer at tiltak på et areal kan teiknast i kart i Agros UKL. Digitale kart vil lette dokumentasjonen og rapporteringa av UKL. Ei «geografisk ordning» som UKL må ha kartløyving for tiltak! Digitale kart er viktig for lettare å sjekke ulike tiltak mot einannan særleg for tiltak under ulike forvaltningsnivå. Papirløyvingar (scanning) vil gjera slike sjekking i stor grad ikkje blir gjort. Andre ordningar vil i liten grad kunna sjekkast mot UKL.

Skriftleg tillating:

Det kan presiserast at skriftleg tillating ikkje trengs dersom søkjar sjølv eller rettighetshavarane sjølv eig arealet.



Endringsforslag: Skriftlig tillatelse fra eier eller rettighetshavere for gjennomføring av tiltaket må foreligge dersom det ikke er denne/de som søker.

§ 5 Frist for gjennomføring

Her må det inn noko om gjennomføringsfrist for årlege tiltak, særleg dersom ein i retningslinjer for området kan ha årlege tilskudd som kan omsøkjast etter at tiltaket er gjennomført, for eksempel beiting, lyngbrenning, slått.

§ 6 Rapportering og utbetaling

Rapporteringa må ikkje gjerast for omfattande for tilskudd til årlege tiltak. Paragrafen må delast i rapportering for eingongstiltak (investeringstiltak) og for årlege tilskudd.

Sluttrapport innhald:

«Beskrivelse av resultatet av tiltaket og hvordan det er gjennomført, samt beskrivelse av eventuelle avvik fra det som ble opplyst i søknad og i krav i vedtaksbrevet».

Å lage «beskrivelse» av resultatet kan vera krevande og er unødvendig. Sluttrapporten må dokumentere at tiltaket er gjort slik vedtaksbrevet krev. Forskrifta bør ikkje seia noko meir enn det. Dersom tiltaket ikkje er gjort slik det er krevd, kan det vera grunnlag for redusert tilskot. Forskrifta må ikkje opne for at søkjar kan gjere tiltaket annleis enn det som er innvilga, dersom ein skriv det i sluttrapporten. Eventuelle endringar må alltid avklarast med kommunen *før* endringa blir gjort.

Rekneskap:

Eit rekneskap skal alltid vera oppsett med inntekter og utgifter, elles er det ikkje noko rekneskap. «Opplysninger om medfinansiering» er uklart uttrykt. Mange prosjekt inneheld eige arbeid som ein del av finansieringa (eigeninnsats). Dette må og dokumenterast i sluttrapporten/rekneskapet

Endringsforslag:

Rekneskap for tiltaket, finansiering, inklusiv samfinansiering med andre, skal vedlegges sluttrapport. Timeliste for egeninnsats må vedlegges rekneskapet.

Utbetaling:

Her må det stå «skriftlig anmodning»

§7 Myndighet og klage

Ingen merknad

§ 8 Opplysningsplikt og kontroll

Ingen merknad

§9 Omgjøring og tilbakebetaling

Ingen merknad



§ 10 Ikrafttredelse

Ingen merknad

Med hilsen

Anstein Lyngstad (e.f.)
Seksjonsleder jordbruk
Landbruksavdelingen

Anders Dalland Mona
fylkesagronom
Landbruksavdelingen

Dokumentet er elektronisk godkjent